



BLI MED PÅ SOMMARLES 2022!

Til kontaktlærarar/norsklærarar i 1. - 7. trinn



Sommarles er ein nasjonal, digital lesekampanje i regi av biblioteka, der målet er at flest mogleg barn i 1.-7. trinn skal lese mest mogleg i løpet av sommarferien! Sommarles bruker element frå digitale spel for å motivere til lesing. I 2021 deltok over 164 000 leseglade barn, men vi ønsker endå fleire barn velkomne! Kampanjen startar 1. juni kvart år, og blir avslutta den 31. august.

Suksessen til Sommarles har samanheng med den gode draghjelpa frå dokker lærarane. Ved å hjelpe oss med å reklamere for Sommarles på skulen før sommarferien, gir dokker barna ein god start, og dei kan komme godt i gang med kampanjen før sommarferien for alvor tar fart. Våre undersøkingar har vist at det er gjennom dokker vi når flest barn. **Vi håper derfor at dokker vil hjelpe oss med å motivere elevane til å delta i kampanjen** – resten tar biblioteket seg av.

Vi ønsker at dokker:

- **Deler ut eit infoskriv** som elevane får med seg heim.
- **Snakkar med elevane om Sommarles** og oppmuntrar dei til å delta. Sidan Sommarles.no er ein digital lesekampanje, treng vi godkjenning frå foreldra for at barna skal kunne delta. Det er derfor viktig at sjølv registreringa skjer heime, og ikkje i fellesskap på skulen.
- **Ser årets filmsending saman med elevane:** Sommarles 2022 blir offisielt sparka i gang den 1. juni med ei filmsending som dokker finn på nettsida Sommarles.no. Filmen varer i ca. 15 minutt.

Kva er Sommarles.no:

- Ein nasjonal, digital lesekampanje i regi av folkebiblioteka i heile landet, som varer frå **1. juni til 31. august**.
- **Alle elevar i 1. til 7. klasse** kan delta, også dei som skal begynne i 1. klasse til hausten og dei som går ut av 7. klasse ved kampanjestart.
- Sommarles.no er i utgangspunktet **ein digital kampanje**, men det er også mogleg å få lesekort på biblioteket og delta analogt. På nettsida kan barna samle poeng for kvar side dei les, sjå kva venner les og skaffe seg digitale trofé som dei kan samle på. Dei kan også følge ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve, og svare på oppgåver i tilknytning til den.
- Barna blir **premierte** for innsatsen med digitale trofé på profilen sin, og med fysiske premiar som dei kan hente på biblioteket.
- **Sommarles er for alle**, både superlesarar, middels gode lesarar og dei som treng hjelp eller er i ferd med å lære seg å lese. Dei må ikkje lese sjølve, men kan velje å høyre på lydbøker eller lesast høgt for.



Meir info om Sommarles.no og korleis dokker kan marknadsføre kampanjen for elevane dokkar, finn dokker her: <https://altom.sommarles.no>

Ta kontakt med biblioteket ditt dersom du ønsker meir informasjon.

GOD SOMMAR MED SOMMARLES.NO!